



STATSMINISTERENS KONTOR

Pressemelding

Nr.: 11/1998
Dato: 2. februar 1998
Sperrefrist:

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Torsdag 5. februar kl. 09.00 tek statsministeren imot den nye WHO-leiaren, tidlegare statsminister Gro Harlem Brundtland, på Statsministeren kontor, til samtale om tilhøvet mellom Noreg og Verdhelseorganisasjonen. Det er høve til å fotografere.

Torsdag 5. februar om ettermiddagen reiser statsministeren til Japan, der han skal vere til stades under Dei olympiske vinterleikane i Nagano. På heimvegen stoggar han i Bangkok i Thailand torsdag 12. og fredag 13. februar, på arbeidsvitjing. Pressekontakt under reisa er statssekretær Gunnar Husan.

Statsministeren kjem til Hakuba ved Nagano om kvelden lokal tid fredag 6. februar. Følgjet bur på Hakuba Tokyu Hotel, telefon 00 81 26 172 3001 – telefaks 00 81 26 172 5349. Frå laurdag 7. til onsdag 11. februar bur følgjet på Matsushiro Hotel i Nagano, telefon 00 81 26 278 1811 – telefaks 00 81 26 278 1818.

Laurdag 7. februar kl. 11.00 er statsministeren til stades under opningsseremonien i Nagano. Kl. 14.30 deltek han i ei mottaking som vert gjeven av statsminister Ryutaro Hashimoto.

Sundag 8. februar kl. 09.00 er statsministeren til stades under 15 km langrenn /klassisk for kvinner, i Hakuba, og kl. 10.15 under utfor for menn, i Hakuba. Kl. 12.30 deltek statsministeren i friluftgudsteneste i den norske "sjømannskyrkja" i Norway Village i Hakuba, med etterfølgjande kyrkjekaffe. Kl. 14.00 er statsministeren til stades på eit norsk næringslivsarrangement i Hakuba. Kl. 18.30 er han til stades under ein konsert som Bergen Filharmoniske orkester gjev i Nagano, der statsministeren er vert under ei mottaking i pausen.

Måndag 9. februar kl. 09.00 er statsministeren til stades under 30 km langrenn/klassisk for menn, i Hakuba. Kl. 12.00 møter han norske utøvarar til lunsj. Kl. 16.30 er han til stades under 500 m skeiser for menn, i Nagano. Om kvelden er statsministeren gjest

under ein middag som vert gjeven av Norges Olympiske Komité.

Tysdag 10. februar kl. 09.00 er statsministeren til stades under 5 km langrenn/klassisk for kvinner, i Hakuba, og kl. 10.15 under super-G for kvinner, i Hakuba. Kl. 14.00 held statsministeren innleiinga på eit norsk næringslivsseminar, i Norway Village i Hakuba.

Onsdag 11. februar kl. 09.30 er statsministeren til stades under hopp i 90-metersbakke, i Hakuba. Seinare på dagen resier han til Bangkok, med ankomst der same kvelden lokal tid. NB: Norsk presse som ynskjer å dekkje statsministeren si arbeidsvitjing i Bangkok, må akkreditere seg via den norske ambassaden der, telefon 00 66 2 262 0230 – telefaks 00 66 2 262 0218.

Torsdag 12. februar kl. 10.30 vert statsministeren teken imot av den thailandske statsministeren, Chuan Leekpai, til samtalar og lunsj i Statsministeriet i Bangkok. Ein legg opp til at statsministeren treff norsk presse etter dette, ca. kl. 14.00. Kl. 14.30 vert han teken imot til samtalar i den thailandske nasjonalforsamlinga. Frå kl. 18.00 deltek statsministeren under ei mottaking og ein middag som den norske ambassadøren, Lars Wensell, gjev. Her vil det og verte underteikna avtalar mellom Noreg og Thailand.

Fredag 13. februar om morgonen deltek statsministeren i ein kort seremoni i den norske ambassaden i Bangkok, for å markere norsk støtte til eit barnehageprosjekt.